



INFORMASJON

KYRKJEBAKKEN

INFORMASJONSBLAD FOR AUSTRHEIM SOKN

Nr. 08-2016 November nummeret 45. årgang

Nytt stoff innan 22. november 2016



Kyrkjeskyss

Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste? Då kan du ringe kyrkje-kontoret tlf 56 16 72 90 (før fredag kl.14), Eldbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35 eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90.

Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim

Tlf. 56 16 72 90

E-post: kyrkjekontoret@austrheim.sokn.no

www.austrheimkyrkja.no

Kontortider:

Sokneprest: Trefftid etter avtale

Kyrkjevevje:

Bustadtelefonar:

Sokneprest Per Børge Hillestad	93 44 29 19
Kyrkjevevje Leif Arne Økland	56 16 72 94
Organist og kyrkjelydspedagog	
Jostein Hauge	40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland	41 30 85 58
Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn	41 66 26 10

Kyrkjebakken

Meldingsblad for Austrheim sokn.

Utgjevar: Austrheim sokneråd

Redaktør: Svein T Villanger,

Redaksjon: Øystein Soldal,
Jorunn Kårdal.

Bankgiro: 3490.07.04196

E-post: kyrkjeba@online.no

Adresse: 5943 Austrheim

Trykk: NetPrint A/S

GUDSTENESTER I AUSTRHEIM SOKN

Søndag 13. nov. kl 11.00


Gudsteneste

Takkoffer til Nordhordland Indremisjon

Søndag 27. nov. kl. 19.00

Lysmesse

Konfirmantane og konfirmantleiarane



Den beste brubyggjaren

Du står der i køen og ventar på din tur. Nokon får raskt ordna det dei ynskjer. Andre vert ståande å diskutera med han som representerer etaten. Folk i køen vert urolege, og nokon viser irritasjon.

Då tenkjer du: Eg burde kome ein annan dag. Kanskje møter eg ein litt meir tolmodig funksjonær. Kven har tid og tolmod til å høyre på alt mitt? Slik kan du bli utlevert til ein person, han som er mellommann mellom deg og den upersonlege instansen.

Også i andre samanhengar er me avhengige av den gode saksbehandlaren.

Bibelen lærer at det er bare ein mellommann mellom Den einaste, høgste Gud og dei mange millionar individ. Apostelen Paulus skriv: ”For Gud er éin, og éin mellommann er det mellom Gud og menneske, mennesket Kristus Jesus.” (1. Tim. 2,5)

Når Jesus er mellommann, kontaktperson, meglar, brubyggjær og forsonar, er det eit spørsmål som melder seg. Korleis er han? Kva evner har han til å vise innleving, omsorg og tolmod? Svaret er enkelt: Ingen kan løyse oppgåva betre enn Jesus.

Han er både Gud og menneske. Han har både den guddommelege allmakt og den levande nærkontakt med alle våre skavankar. Han har opplevd tørke og storm, glede og sorg, smerte og lykke mens han sleit sund sandalane på verda sine vegar fulle av støv. Jesus er ein av oss - difor vil han vere solidarisk med oss og frelse oss inn i sitt evige rike. Jesus er Gud - difor kan han berge oss for evigheita. Gud og menneske kan møtast og få god kontakt. Jesus gjer teneste som brubyggjær. Han har alltid vakt og er aldri humørsjuk. Med sitt liv, sin død og si oppstode har han fjerna alt som stod mellom Gud og deg. Han er den einaste mellommannen, og han vil gjerne vere det for alle.

Omkvedet i ei gamal salme lydde slik: ”Barnatro, barnatro, til himmelen du är en gyllen bro.” Einar Sollie har sagt: ”Når en bro skal åpnes, er de prominente på plass.

Silkebåndet klippes, og de prominente tripper som førstemenn over betongen.

Så kommer musikkorpsene og allmuen, og broen tas i daglig bruk.” Då Jesus ropa på krossen ”Det er fullført”, var det ei bru som var ferdig, ei bru frå død til liv, frå jord til himmel, frå menneske til Gud. Det beste med den brua er at den er betalt. Det er ikkje bompengar ein gong.

Per Børge



Kyrkjebøkene i Austrheim

Døyppte

02 10 16

Sivert Pedersen Krakhella
Gabriel August Cortès Nilsen
Mathias Sætre Stormark
Aleksander Løberg Leikvoll
Håvard Løberg Leikvoll

16.10.16

Julian Alfred Hope
Ophelia Bergstrøm Hovden
Amanda Kvinge
Leonard Berge Longva
Tobias Kvingedal
Mathias Kvingedal
Jonas Kvingedal

Gravlagde

04.10.16

Gunvard Krossøy f. 1928

14.10.16

Harald Brügger f. 1931



Utgjevingsplan Kyrkjebakken andre halvår 2016

Leveringsfrist

KB kjem ut

Nr. 09/16

22. november

15. desember

Takk

Hjarteleg takk
for all deltakelse ved vår kjære Norvald Hopland
sin bortgang.

Takk til heimesjukepleien og støttekontakter
gjennom alle år.

Takk til alle på Nordliheimen for god pleie og
omsorg.

Takk til lege Kubon, Vatne begravelsebyrå,
Ove Danielsen for vakker song og
prest Per Børge Hillestad.

Svein og Olly med familie.

Takk
for oppmerksomheten ved vår kjære pappa,
Erling Fønnes, si gravferd.

Ei særskild takk til doktorane Kubon og Gallefoss,
og dei gode pleiarane på Nordliheimen.

Takk og til Vatne Begravelsesbyrå og til
Lisbeth Morken.

Med vennlig hilsen
Wenche, Laila og Roald m/familier.

Hjertelig takk
for alle blomster og hilsninger som jeg fikk til
min 80 års dag. Takk til Diakoninemda for den
flotte røde rosa. Og så vil jeg takke alle som var
med og feiret dagen sammen med meg.

Hilsen Einar Fjellstad.

Takk
for rose og vase jeg fikk til min 80 års dag.
Takk til rosebærer Målfrid for hyggelig besøk.

Gustav Lunde.

EIN VARM TAKK
for all medkjensle, blomane, helsingar og
deltaking ved vår kjære mamma
ODDNY GUNVOR VIK sin
bortgang og gravferd.
Hjarteleg TAKK for pengegåva til
Nordliheimen.

Helsing Olaf, Paul, Sigurd, Rolf, Bjørg,
Gunnveig og Inger Liv m/familiar.

Takk
til diakoninemda og til Bjørg Leirvåg som kom
med blomsterhelsing på dagen min 31.08.

Helsing Sigrunn Fønnes.

Mange takk
for den fine rosa jeg fikk på min 83-årsdag.
Takk til rosebæreren.

Hilsen Jørgen Thorsen.

Hjarteleg takk
til Austrheim Diakoninemd for den fine
blomstervasen og rose eg fekk til 80 års dagen
min.

Helsing Margot Myklebust.

Hjarteleg takk
til alle som hugsa meg på 90-års dagen min,
sende blommar og ringde til meg.
Takk til diakoninemda for rosa eg fekk, og til
Oddlaug som kom med den og som kom innom
for å prata med meg.

Helsing Helga Pedersen.

Hjarteleg takk
for besøk, telefoner og
helsingar på 93 års dagen min, 25. oktober.
Takk til diakoninemda for fin rose og kort og til
rosebærer Målfrid.

Helsing Helga Kårdal

*Kunsthuset Austrheim Åråsvågen 3.
(Det gamle kommunehus i Austrheim)*



*JUL
I Galleri/butikk:
Kunst - og
handverks -arbeider,
dekorasjonar,
smykke,
sakar og ting.*

*Nyt ein kopp
varm gløgg
i inspirerande
omgjevnadar.*

*Opnar 19. november
Kvar Laurdag 11.30 -14.30 fram til jul.*

«Gla'songgruppa»

inviterer til

SYNG DEG GLA'-KVELD

i Austrheim-kyrkja

søndag 20. november kl. 19.30.

Solonummer, «min salme» m.m.

**Songgruppa «Enjoy»
og Jostein Hauge
vert med!**

**Kaffi, te og ein kakebit ved
utgangen.**

DU er velkomen!

Julebord på Seniorsenteret onsdag 14. desember kl. 16

Ord for dagen v/ Per Børge Hillestad. Song og musikk v/ Jostein Hauge.

God julemat, vi syng julesongar og kosar oss i førejulstida.


Pris pr. person kr. 300,- Bindande påmelding innan 7. desember til
tlf. 56 16 94 59 / 97 97 44 85.

Austrheim Pensjonistlag ynskjer alle pensjonistar hjarteleg velkomne!

JULEMESSE

Laurdag 26.11.2016

Austrheim Samfunnshus



Sal av
handarbeid m.m.

**NB! Kafèen opnar
kl. 11.30**

Messesalet opent
Kl.11.30-15.00



Arrang. Austrheim Kvinne og Familielag

Basar Litlås bedehus

Basar fredag 18. november kl 18.

Andakt v/Anne Marie Molvik.

Matsservering , åresal, tombola,
sal av julebakst og div. handarbeid,
trekning av loddøker.

Kom og ha ein triveleg kveld på bedehuset!

ÅRÅS BEDEHUS

Bibeltime v/Helge Keilegavlen
tirsdag 15. november kl 19:00 i storsalen.

Bedehusdagen 19 november. kl. 13:00.
Sjå eiga annonse i førre utgåve av KB.

Møte søndag 27. november kl 11:00.
Tale ved Kenneth Foss frå ImF-UNG.

Adventsmøte 11. november kl 11:00.
Silje Elin Minde deltar.

(NB. Det vert ikkje julefest i år)

Gratis HPV-vaksine til kvinner fødde i 1991 og seinare

Alle kvinner som er fødde 1991 og seinare får frå november 2016 tilbod om gratis vaksine mot humant papillomavirus (HPV-vaksine). Vaksinen er tilrådd til unge kvinner fordi den førebyggjer livmorhalskreft og forstadium til livmorhalskreft forårsaka av HPV-infeksjon.

HPV-infeksjon er den vanlegaste seksuelt overførbare infeksjonen i verda. Dei fleste som er seksuelt aktive blir smitta i løpet av livet, mesteparten av dei i ung alder. Infeksjonen er som regel ufarleg og går over av seg sjølv, men somme får ein vedvarande infeksjon som på sikt kan føre til livmorhalskreft. Kvart år får om lag 300 kvinner i Noreg livmorhalskreft og 65-100 døyr av sjukdomen. Vaksinen kan gi vern sjølv om ein har debutert seksuelt.

- Jenter som er fødde i 1997 og seinare har fått tilbod om HPV-vaksine gjennom barnevaksinasjonsprogrammet. Det er derfor gledeleg at fleire unge kvinner no får dette tilbodet.

Tilbodet er mellombels og varer i ein toårsperiode frå november 2016. Vaksinasjonen består av tre vaksinedosar gitt over 6-12 månader og må derfor startast opp innan utgangen av 2018.

Unge kvinner i målgruppa kan få 1. vaksine : 18/11 kl.13-15 eller 28/12 kl.13-15

Oppmøte på Årås helsestasjon / Austrheim legekantor begge dagar.

Ta kontakt dersom det er noko du lurar på.

Peret Kubon

Gudny Sognnes

Kommuneoverlege

led.helsesøster

Hjarteleg takk

for minnegåva på kr 4.950,- til kyrkja i Austrheim sitt barne- og ungdomsarbeid, som vart samla inn i gravferda til Harald Brügger i Austrheim kyrkje fredag 14.oktober

På vegne av Austrheim sokneråd;
Leif Arne Økland
kyrkjeverje.»



Finaste gravplassane eg veit om

Som leiar i soknerådet har eg fått fleire hendendingar med takk og ros for flotte gravplassar her i Austrheim. Det gleder meg å høyre slikt. Så eg ynskjer å takke Stein Olav for den flotte jobben han gjer kvar dag for å halde gravplassane så flotte som dei er. Vil og takka Willy og sommarvikarane som også hjelper godt til.

Det er kjekt å få ros, og det er kjekt å kunne bringe den vidare på denne måte, og eg håpar at alle de som er på kyrkjegardane også tek dykk tid til å sjå kor flott det eigentleg er. Vil og takke dykk som steller graver for at de fer fint med gravplassane og hjelper så godt til med å halde det fint og ryddig.

Mvh
Helge Dyrkolbotn
Soknerådsleiar





LERVÅG BEDEHUS

Menigheten Betania Lervåg

Søndag 27.11 kl 11:00 Møte: Torsten Mentzoni taler *søndagsskole*

Søndag 11.12 kl 11:00 Møte: Geir Talberg taler *søndagsskole/nattverd*

Julaften kl 15:00 Julegudstjeneste

«Gud sendte ikke sin Sønn til verden for å dømme verden,
men for at verden skulle bli frelst ved ham.» Joh.3.17

Ungdomskvelder

Fredager kl 19:30 – 22:30 fra 7.klasse

25.november 9.desember

DEN STORE BARNEHELGA

No har me gjennomført den store barnehelga for 2016. I løpet av helga var det innom ca 30 barn. Nokre av dei kom fredag på pyjamasfest. Her møtte dei i sin finaste pyjamas saman med kosebamsen sin. Me hadde ei kjekk stund saman der me song, hørde om Noah, og utforska kyrkja. Oppe på det gamle ringerommet er det blitt laga til eit flott rom. Der var det mange englar på veggene. Der song me ".... send dine englar og la dei passe på..." Så klistra me englar og stjerner på arket.



Etterpå fekk me deilig kveldsmat før det var tid til å leike og løpe i kyrkja. Det var ein veldig kjekk kveld.

Laurdag var det fireåringane sin tur til å samlast i kyrkja. Då hadde me bollefest. Her song me, fekk høyre om den gode hyrde, og me måtte leita over heile kyrkja for å finne sauene som var gått seg vill. Me fann den heldigvis ☺ Etter å ha ete deilige bollar så fekk alle fireåringane kvar si arbeidsbok. Den høyrer til fireårsboka som vart delt ut søndagen.

Søndag var det klart for bornas festgudsteneste med Nils Arne Lavik. Det var mange små born som vart døypt, og både 3- og 4-åringane fekk utdelt bok. Dei var og veldig flinke som stod framme og song i lag med Nils Arne. Me hadde øvd litt både fredag og laurdag. Det vart ei flott gudsteneste!



Takk for ei flott helg, og takk til Svanhild og Oddrun som var med og hjalp til. Samt Gunn og Aud som laga bollar til oss.



MASTREVIK TORG - EIN TRIVELEG STAD FOR STORE OG SMÅ

- Daglegvare/post i butikk • Apotek • Klede/gull/gåver/glas • Kafe • Elektro/kvitevarer/belysning
- Barneklede • Bokhandel/leikar • Jernvarer/fargehandel • Båt- og fiskeutstyr • Bank/minibank
- Blomar • Gardiner/utstyrsvarer • Politi • Bensinstasjon/bilverkstad • Senterkontor 476 79 583

Til sammen har vi 3 815 års erfaring med bilservice i Norge.

Rune Austrheim **Fosnøy Bilsenter AS**

Velkommen til Bosch Car Service!

Verkstedet vårt rommer all den erfaringen og kunnskapen som finnes i en av verdens største uavhengige verkstedskjeder. Hos oss kan du få hjelp med alle typer reparasjoner og service for samtlige merker. Bosch har jo også utviklet over halvparten av teknikken i bilen din. Så hvem tror du er den beste til å utføre service på den?

www.fosbilsenter.no

Vi gjør alt for bilen din.



BOSCH Service

Fosnøy Bilsenter

Tlf: 56 16 75 50

Mastrevik

Din rørlegger i distriktet !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller



SKARSVÅG
Rør og Interiør as



Mini Frisørsalong



ønsker velkommen
til gamle og nye kunder.
Vi treffes på Årshøgda 10.
Timebestilling: Mandag, Tirsdag,
Torsdag og Fredag.
Onsdag er stengt
Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16
Alla Kurinna og Rieko

*Tannlege
Otto Førde
i Mongstadkrysset*

*Jeg tar imot nye pasienter
og yter akutt hjelp.*

Telefon vakt 56 16 98 35

MNTF



Per Kenneth Bø
BYGGMESTER

**Panasonic
varmepumper**

5937 BØVÅGEN
Mob. 481 31 534
byggboe@online.no

Vatne
Begravelsesbyrå



Vi kan hjelpe til
med rådgivning og
tilrettelegging ved
begravelser og
bisettelser.

Ring døgnvakt:
56 35 09 10
www.vatne-byra.no
Kvassnesvegen 11
5914 Isdalsbø

Gravminner

Norsk design og produksjon.
Se utvalg på: www.oienstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

Biblioteket - opningstid

Hovudbiblioteket:

Måndag og onsdag kl. 14.00 -19.00

Tysdag og fredag kl. 10.00 -15.00

Tlf.nr. 56 16 20 07

E-post: bibliotek@austrheim.kommune.no

Fonnes filial:

Torsdag kl. 14.00 -19.00

Tlf.nr. 56 16 83 11

E-post:

fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no

God bok!

Bassenget på Kaland:

Garderobane og bassenget på Kaland skule skal gjennom ei større renovering og det vert dessverre ikkje tilbod om offentleg bading framover.

Arbeidet kjem til å halde fram utover i dette skuleåret.

AnnONSE i Kyrkjebakken?

1/1 side + bakside kr. 1.000,-

3/4 – 2/3 side kr. 750,-

1/2 side kr. 500,-

1/3 side kr. 350,-

1/4 side kr. 250,-

Små annonser kr. 150,-

Korte takkeannonsar er gratis.

Legevakt/ambulanse

Akutthjelp lege 113 heile døgeret.

Legevakt: 116117

Austrheim legekantor

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

Kl.08.30 - 15.00.

**Telefontid: 08.30 - 12.00 og
13.00 - 15.00.**

**INGEN RESEPTBESTILLING
MÅNDAGAR!**

Årås helsestasjonen

Åpningstider for publikum:

kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13


Nye telefon nr. i pleie og omsorg :

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen/kjøkken:
56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)



Vi leverer mat til alle anledninger,
der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

Knüter
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutercatering.no

RENSEANLEGG
Har du fått pålegg om oppgradering?
Vi har godkjente minirensanlegg

Kontakt:
August Norge AS
Avd. Vestlandet
Tlf: 949 70 680
Mail: svein@augustnorge.no



Ta kontakt for en uforpliktende befarings!
www.augustnorge.no



Giving Hope To A Child (GHTAC)

Giving Hope to a Child har grunna lovendring i Liberia om drift av barneheim, beslutta å endre planane for humanitær hjelp til barn i Liberia. Framfor å bygge barneheim vil vi no finne andre prosjekt som kan hjelpe mange born – vårt første prosjekt er støtte til Vartekeh barne-skule som åpna i september kor vi gir skule-pengar til dei som treng det mest og planlegg å finansiere eit solcelleanlegg til skulen som neste prosjekt.

- Teikne deg som fadder (Sjå heimesida)
- Teikne deg som gjevar gjennom Norsk Tipping si grasrotordning.
- Gje ei eingongsgåve, konto 3632 57 54065

For meir informasjon sjå heimesida vår:

www.givinghope.no eller GHTAC på facebook.

Rolf Maurseth (Styreleiar)

<i>Stine B. Karlsen</i> Styremedlem	<i>Tove Odland</i> Styremedlem	<i>Jenfrid Stellberg</i> Styremedlem
<i>Jusu Gyflan</i> Styremedlem	<i>Silje A. Hoas</i> Styremedlem	<i>Ole Moen</i> Forretningsfører

Oppussing av gravmonumenter

Utfører vasking, rensing
og oppatmaling.

Gunnar Nilsen 414 39 887

TAKK!

Ein stor takk til alle som har bidratt til årets TV-aksjon til Røde Kors!

Resultata frå årets TV-aksjon til inntekt for Røde Kors sitt viktige arbeid vart svært bra. Tilsaman vart det i Austrheim samla inn kr 161 276,- .

Dette utgjer kr. 56,43 pr innbyggjar.

Med dette resultatet plasserer Austrheims seg på 14. plass i Hordaland.

Av den totale summen utgjer kommunen sitt bidrag kr. 20 000,-

Næringslivet kr. 6 493,-, på bøssene kom det inn kr. 98 425,- og til slutt er det kr. 36 357 som er kome inn på anna vis.

Ein stor takk til alle som gav sine kroner til årets TV-aksjon. – Takk til den lokale aksjonskomiteen og ikkje minst alle dei godt over 80 frivillige som var ute med bøsser. Utan deira innsats ville det vore vanskeleg å få dette gode resultatet.

TV-aksjonen skal redde liv og gje omfattande helsehjelp til nokon av dei mest sårbare i verda – menneske ramma av krig og konflikt.

Gjennom TV-aksjonen skal meir enn to millioner mennesker få livsviktig hjelp.

Takk for at de har vore med å bidra til dette!

Helsing

Anne Dahle Austrheim

Varaordfører

Leiar av den lokale aksjonskomiteen